

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Adm.enhet: Forvaltningsseksjonen i region
Vest
Sakshandsamar: Kari Morvik
Telefon: 90734161
Vår referanse: 17/4028
Dykkar referanse: 16/775
Dato: 09.08.2018

Uttale til Lindås kommune Hordaland - Høyring og offentleg ettersyn - Reguleringsplan Hamneset

Vi viser til brev datert 20.06.2018.

Våre ansvarsområde

Fiskeridirektoratet region Vest si interesse i plansaker er å sikre at marint biologisk mangfald og fiskeri- og akvakulturinteressene i området, både noverande og framtidige, blir ivaretekne på ein tilfredsstillande måte. Vi ser det som særleg viktig at det vert teke tilstrekkeleg omsyn til viktige marine ressursområde som til dømes gytefelt. Å oppretthalde det marinbiologiske mangfaldet er naudsynt for å sikre ei framtidig hausting av marine ressursar og det er viktig at tiltakshavar har kunnskap om og tek omsyn til dei marine leve- og oppvekstområda i og ikring det aktuelle området.

Føremål og planstatus

Saka gjeld høyring av utarbeidd reguleringsplan på Hamneset som ligg ca. 1,5 km vest for Vikanes. Føremål med utarbeiding av reguleringsplan er bygging av to fritidsbustader og tre naust på eigedomen. I gjeldande kommuneplan (2011-2023) er området vist som fritidsbebyggelse og LNF område.

Våre innspel

Oversikt over fiskeri- og akvakulturinteresser samt marint biologisk mangfald i området finn de på <http://kart.fiskeridir.no>

Vi har registrert ein lassetjingsplass i Sauvika, aust for planområdet.

I samband med kartlegging av marint biologisk mangfald har HI registrert eit regionalt viktig gytefelt for kysttorsk i området. Dette feltet strekk seg frå Fyllingsnes til Vike.

Etter vårt syn vil ikkje tiltaket kome i konflikt med registrerte fiskeriinteresser i området. På bakgrunn av dette har vi ingen merknader til reguleringsplanen.

Med helsing

Leni Marie Lisæter
seksjonssjef

Kari Morvik
seniorrådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift

Mottakarliste:

Lindås kommune

Kvernhusmyrane 20 5914 ISDALSTØ